

Økonomiavdelinga  
Eiendomsseksjonen

**Referanse**  
2014/699-3  
Saksh.: Klyve, Guro

**Dato**  
16.01.2014

Fylkesrådmannen etter fullmakt

**Valen og Handeland gard i Kvinnherad.  
Godkjenning av kjøpekontrakt. Signatur på kjøpar sin søknad om konsesjon.**

**SAMANDRAG**

Fylkestinget vedtok den 17.10.2012, sak 52/12, at Valen og Handeland gard skulle leggjast ut for sal. Fylkesutvalet fekk fullmakt til å godkjenne salsvilkåra.

Sak 161/13 om godkjenning av salsvilkår var til behandling i Fylkesutvalet den 20.06.2013, og det vart gjort følgjande vedtak:

*«Valen og Handeland gard vert lagt ut for sal i den opne marknaden med prisønske stort kr. 8 millionar.*

*Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er høgare enn 90 % av prisønske. Dersom høgaste bod er lågare enn 90 % av prisønske, kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.»*

Eigedomen vart lagt ut for sal gjennom eigedomsmeklarselskapet Fana Sparebank Eiendom AS.

Valen og Handeland gard vart selt til Kjetil Emmerhoff den 23.12.2013 for kr. 9.100.000.  
I tillegg betalar kjøpar kr. 2.034.000 for maskinpark og dyr.

Salet er betinga av at kjøpar oppnår konsesjon med avtalt kjøpesum. Vert det gjeve konsesjon, overtek kjøpar garden innan ein månad etter at endeleg vedtak er fatta.

Ein rår til at vedlagte kjøpekontrakt vert godkjent og signert. Vert kjøpekontrakten godkjent, skal vedlagte konsesjonssøknad underteiknast i felt 22 i skjemaet.

**VEDTAK**

Vedlagte kjøpekontrakt mellom Hordaland fylkeskommune og Kjetil Emmerhoff vert godkjent.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Johnny Stiansen  
fylkesdirektør økonomi

Vedlegg:  
Kjøpekontrakt i 3 eksemplar  
Søknad om konsesjon

**FYLKESRÅDMANNEN, 16.01.2014:**

Fylkestinget vedtok den 17.10.2012, sak 52/12, at Valen og Handeland gard skulle leggjast ut for sal. Fylkesutvalet fekk fullmakt til å godkjenne salsvilkåra.

Sak 161/13 om godkjenning av salsvilkår var til behandling i Fylkesutvalet den 20.06.2013, og det vart gjort følgjande vedtak:

*«Valen og Handeland gard vert lagt ut for sal i den opne marknaden med prisønske stort kr. 8 millionar.*

*Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er høgare enn 90 % av prisønske. Dersom høgaste bod er lågare enn 90 % av prisønske, kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.»*

Eigedomen vart lagt ut for sal gjennom eigedomsmeklarselskapet Fana Sparebank Eiendom AS.

Prisønsket i salsprospektet på kr. 8.000.000 for sjølve garden var i samsvar med innhenta landbrukstakst frå Tveit Regnskap AS datert 23.01.2012.

Sidan garden er i drift vart det innhenta takst på maskinparken samt dyra på garden. Taksten for maskinparken var på kr. 1.040.000 og for dyra kr. 1.034.000; tilsaman kr. 2.074.000.

Valen og Handeland gard vart selt til Kjetil Emmerhoff den 23.12.2013 for kr. 9.100.000. I tillegg skal kjøpar betale kr. 2.034.000 for maskinpark og dyr.

Salet er betinga av at kjøpar oppnår konsesjon med avtalt kjøpesum. Søknad om konsesjon skal handsamast av Kvinnherad kommune.

Vert det gjeve konsesjon, overtek kjøpar garden innan ein månad etter at endeleg vedtak er fatta.

Vedlagt følgjer kjøpekontrakten i 3 eksemplar samt søknad om konsesjon som er utfylt og underteikna av kjøpar.

Ein rår til at kjøpekontrakten vert godkjent og signert.

Vert kjøpekontrakten godkjent, skal overdragar/seljar underteikne i felt 22 på side 2 i vedlagte konsesjonssøknad.